

Alternativ behandling – informasjon til forbrukar

Alternativ behandling er eit område i vekst, og ein ser at stadig fleire nyttar alternativ behandling utanfor den ordinære helsetenesta. Bakgrunnen er mellom anna at folk føler at den ordinære helsetenesta ikkje møter deira behov og/eller forventningar, samtidig som tilbodet av alternative behandlarar blir stadig breiare og meir synleg.

Det er eit stort og variert utval av alternative behandlingar, og det kan vere vanskeleg for ein forbrukar å orientere seg i tilboda og avgjere kva ein skal velje.

Her er nyttig informasjon som kan være til hjelp når du skal vurdere om alternativ behandling er det rette for deg:

Kva er alternativ behandling?

Sjølve omgrepet alternativ behandling er vidt. Det omfattar verksemd som har til hensikt å lindre eller behandle sjukdom eller skade, samtidig som verksemda (normalt) ikkje er ein del av den helsehjelp som gis av helsepersonell innafor den ordinære offentlege eller private helsetenesta. Døme på alternative behandlingar er akupunktur, rosenterapi, healing og fotsoneterapi, med mange fleire. På www.nifab.no/behandlingsformer finn du ei liste over ulike behandlingsformer. For meir informasjon om alternativ behandling kan du òg sjå www.saborg.no og www.nafkam.no. Sjå meir om lovar og reglar under punktet "regulering av alternativ behandling."

Kvifor "alternativ" behandling?

Per i dag kan det ikkje dokumenterast på ein tilstrekkeleg vitenskaplege måte noko effekt eller verknad av alternativ behandling. Dette er noko Nasjonalt forskingssenter innan komplementær og alternativ medisin (NAFKAM) jobbar med. Mellom anna arbeidar dei med å leggje til rette for, utføre og koordinere forskning innafor alternativ medisin. Desse behandlingsformene blir sett på som alternative behandlingsformer i motsetnad til ordinær medisinsk behandling kor verknaden av behandlinga i stor grad er dokumentert og kor helsepersonell er pålagt å sørge for at pasienten får grundig informasjon om valt behandling og verknaden av den.

Kven kan utføre alternativ behandling?

Det finnes ikkje generelle utdanningskrav for utøvarar av alternative behandling. I utgangspunktet kan kven som helst starte opp med ei slik verksemd. Det finnes heller ikkje eit autorisasjonssystem for dei alternative behandlarane som sikrar kvaliteten på den som nemner seg "alternativ behandlar".

Sjekk difor om den utøvaren du tenkjer å gå til har utdanning, og eventuelt kva for utdanning. Er til dømes utøvaren medlem i ein utøvarorganisasjon som stiller krav til utdanning. Enkelte utøvarar av alternativ behandling er òg utdanna lege eller anna helsepersonell, mens andre har meir sporadiske kurs som einaste utdanning. I registeret for utøvarar av alternativ behandling på www.brreg.no kan du sjå om utøvaren er registrert utøvar av alternativ behandling, noko som stiller krav om at utøvaren er medlem i ein godkjend utøvarorganisasjon som skal ha oppfylt krav til forretningsmessige ordna tilhøve.

Kven fører tilsyn med dei alternative utøvarane?

I den ordinære helsetenesta er kvaliteten på tenestene sikra gjennom ei rekkje tiltak som organisering og leing, krav til internkontroll, utdanningssystem og autorisasjonsordningar for utøvarar, og ikkje minst tilsynsordning frå Regionale helseføretak og Statens helsetilsyn.

Med mindre utøvarar av alternativ behandling er autorisert helsepersonell, er utøving av alternativ behandling ikkje underlagt statleg tilsyn. I realiteten kan alternative behandlarar utøve si verksemd som dei vil, utan å risikere reaksjonar frå tilsynsmakter slik som i den ordinære helsetenesta, under føresetnad av at dei ikkje bryt strafferettlege reguleringar.

Kva for pasientrettar har ein ved alternativ behandling?

Brukarar av alternativ behandling er per i dag heller ikkje omfatta av lovgjeving om pasientrettar og pasientskadeerstatning, noko som er med på å gje dei eit nedsett vern i høve til brukarar av den ordinære helsetenesta. Til dømes vil ikkje-autorisert helsepersonell som tilbyr alternativ behandling utanfor helsetenesta ikkje ha plikt til å føre pasientjournal, ei plikt som for autorisert helsepersonell går fram av helsepersonellova.

Nokre utøvarar av alternativ behandling fører journal – sjekk om den utøvaren du vil gå til gjer det.

Pasientskadeerstatningslova gjeld heller ikkje for dei som mottek alternativ behandling utanfor den ordinære helsetenesta frå behandlarar som ikkje er autorisert helsepersonell. Sjekk difor om den utøvaren du vil gå til er forsikra, slik at du har tryggleik i samband med ei eventuell sivil tvist.

Kan ein stole på marknadsføringa?

Hovudregelen er at marknadsføring av alternativ behandling skal skje ved "en "nøktern og saklig beskrivelse av virksomhetens art". I praksis betyr det at utøvarane ikkje får definere kva sjukdommar/tilstandar behandlinga skal verke mot. Årsaka til dette er at det i dag ikkje er mogleg å dokumentere verknad av alternativ behandling, sjå ovanfor.

Forbrukarombodet har ved ulike kontrollaksjonar observert mykje kreativ marknadsføring frå alternative behandlarar, til tross for dei strenge krava som blir stilt til marknadsføringa. Som forbrukar er det viktig å hugse på å vere kritisk til marknadsføringa – det som verkar for godt til å vere sant er som oftast det.

På grunn av dei strenge krava til marknadsføring er det ikkje lett for forbrukarane å få den informasjonen dei treng for å setje seg inn i dei ulike behandlingsformene, for slik å velje rett behandling. Du kan få nøytral informasjon om ulike behandlingsformer mellom anna på www.nifab.no.

Regulering av alternativ behandling

Utøvarorganisasjonar for ulike typar alternativ behandling kan bli registrert som godkjente utøvarorganisasjonar i Brønnøysundregisteret. Utøvarar som er medlem av ein godkjent utøvarorganisasjon har òg høve til å registrere seg som utøvar av alternativ behandling i Brønnøysundregisteret. Retten til å registrere utøvarorganisasjonar og utøvarar av alternativ behandling følgjer av forskrift, og Helsedirektoratet har ansvaret for søknadar om godkjenning av utøvarorganisasjonar.

Hensikta med registerordninga er å bidra til forretningsmessig ryddige tilhøve og ivaretaking av forbrukarrettane til dei som oppsøker registrerte utøvarar av alternativ behandling. Godkjenninga er knytt til formelle, etiske og forretningsmessige tilhøve, mellom anna krav til forsikring. Det er viktig å merke seg at godkjenning ikkje medfører verken fagleg eller

kvalitetsmessig vurdering av den enkelte utøver eller behandlingsforma og er heller ikkje ei godkjenning av kor vidt behandlingsforma har effekt.

Lov om alternativ behandling gjeld for alle som tilbyr eller utøver alternativ behandling i Noreg. Lova tek sikte på å bidra til tryggleik og informasjon for pasientar som søker eller mottek alternativ behandling, samt betre å regulere utøvinga av slik behandling. Regelverket forsøker å balansere mellom på den eine sida omsynet til brukarane sin valfridom og på den andre sida deira behov for vern.

Utgangspunktet etter lova er at ein kvar står fritt i å undersøke og behandle sjuke, men lova fastsett likevel visse avgrensingar. Mellom anna kan berre autorisert helsepersonell utføre medisinske inngrep, behandling av alvorlege sjukdommar og allmennfarleg smittsame sjukdommar med meir.

Les meir om alternativ behandling

- Informasjon om alternativ behandling hos nasjonalt informasjonssenter for alternativ behandling; www.nifab.no
- Lov om alternativ behandling og forskrift om marknadsføring av alternativ behandling; www.lovdatabank.no
- Registerforskrifta og registrering av utøverorganisasjonar og utøvarar; http://www.helsedirektoratet.no/personell/alternativ_behandling/godkjenning_av_organisasjoner_for_ut_vere_av_alternativ_behandling_48817
- Oversikt over registrerte utøvarar og utøverorganisasjonar; www.brreg.no
- Meir om forskning på alternativ behandling på; www.nafkam.no
- SABORG, samanslutning av alternative behandlarorganisasjonar; www.saborg.no